



Lindås VVS
Postboks 42
5951 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3561 - 16/22401

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.08.2016

Førebels svar - Trong for tilleggsdokumentasjon søknad om ferdigattest gbnr 40/16 Hodneland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 09.08.16.

HISTORIKK

Det er 08.10.15 søkt om løyve til tiltak utan ansvarsrett for oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad.

Det er 04.11.15 søkt om løyve med ansvar for etablering av røyr-/sanitærarbeid i høve fritidsbustad på eigedom gbnr. 40/16.

Kommunen har i samlevedtak datert 18.11.15 gjeve løyve til oppføring av omsøkt tilbygg samt nedlegging av rørledning for påkobling til minireinseanlegg godkjent i sak 14/7126 for eigedom gbnr. 40/15 og gbnr. 40/16.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Ansvarstilhøve tilbygg

Tilbygg til fritidsbustad er tiltak utan krav til ansvarsrett som du som tiltakshavar sjølv kan forestå. Du treng ikkje erklære ansvar som sjølvbygger for tilbygget, men må fylle ut søknad om ferdigattest for tilbygget (blankett nr. **5167**).

1. Det må leverast inn søknad om ferdigattest der det går fram at det gjeld for tilbygget til fritidsbustaden.

Ansvarstilhøve rørledning/sanitær



Nedlegging av leidningar i grunnen er tiltak med krav om bruk av ansvarleg føretak. Lindås VVS er i vedtak datert 18.11.15 godkjent som ansvarleg for SØK/PRO/UTF for nedlegging av rør-/sanitærarbeider.

Ut i frå søknad om ansvarsrett forstår vi at Hjelmås VVS i løpet at prosessen har tatt over ansvar for Lindås VVS.

1. Lindås VVS må melde opphør av ansvar, dei må fylle ut blankett nr. **5183**. Vidare må Hjelmås VVS erklære ansvar for SØK/PRO/UTF for dei oppgåver som dei har prosjektert og utført i saka, dei må fylle ut blankett nr. **5181**.
2. Hjelmås VVS må og fylle ut søknad om endring av gitt tillatelse (blankett nr. **5186**).
3. Det må i søknad skildrast kva arbeid som er prosjektert/utført av Lindås VVS og kva arbeid som er prosjektert/utført av Hjelmås VVS.
4. Hjelmås VVS må så søke om ferdigattest for rør-/sanitærarbeider, dei skal nytte blankett nr. **5167**.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 05.10.16**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Til dykkar informasjon

Vi gjer merksam på at før det ligg føre mellombels bruksløyve/ferdigattest i sak 14/7126 så vert det ikkje gjeve korkje mellombels bruksløyve/ferdigattest for tiltaka på eigedom gbnr. 40/16 godkjent i vedtak datert 18.11.15 då bruksløyve/ferdigattest her avheng av at dette ligg føre i sak 14/7126.

Blankettar finn du på følgjande lenke:

<http://dibk.no/no/byggeregler/Byggesoknader/Byggesaksblanketter/>

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kjell Rune Melingen

Dolvikhaugene 88 5252

SØREIDGREND

Mottakarar:

Hjelmås VVS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS

Lindås VVS

Postboks 42 5951

LINDÅS